

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11

Fylke: Aust Agder

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Evje.

Emne: Ymse attåtfor.

Bygdelag:

Oppskr. av: Torvald Håvardstad

Gard:

(adresse): Evje.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eigen kjennskap.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I. Røter.

Eg kjenner ikkje til at røter har vore nytta nemnande
høkerøter vart for nytta um vintre som nunnar.

til for. V Men av og til vart sume røter nytta til
 medisin for dyra. T. d. tepperot. Den kokte dei log
 av og nytta til grisen når han hadde magesjuke. -

B. Bregner.

Desse har heller ikkje vore nytta nemnande til for
 etter de~~w~~ kjennskap eg har. Eg hugsar som smågut at vi
 om sumaren av og til plukka "log" - strutsvinge -
 til grisemat, men kjenner ikkje til at røter av
 bregner vart nytta. *Sers namn på røtene har eg ikkje høyrde*

II. Tang og tare.

Det har vi ikkje her.

IV. Hestemøkk. Kjenner ikkje til at hestemøkk er nytta

til for. - Det einaste er at hestemøkk er nytta til
 hønsa av og til. *Sjime brikke a gje grisen hestemøkk.*

V. Sørpefor.

Sørpefor av ymse slag er sjølvstøtt nytta gjennom
 tidene. - Sørpa vart ofte kokt i bryggjarhuset
 Sume tider vart hakk av halm, agner, lauv og litt
 og mjøl
 høy støtta i store trekar og slått kokande vatn over.

Når det så hadde stått ei tid, fekk krøtra dette.

Bryggeri finst ikkje her, så drank og liknande er
 ukjend her.

VI. Fiskeavfall har det ikkje vore her.